

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.2 2023/2024 Årgang 50

*Ved Vik skule ynskjer me at alle skal vera Trygge,
Utvikla seg positivt og Trivast !*

KALENDER FOR FØRJULSTIDA

Fredag 01.12 kl. 09.00 Me tenner julegrana. Me går rundt juletre og syng julesongar saman med barnehagen.

Torsdag 07.12 Juleverkstad og grautfest for alle elevane. Elevar som ikkje likar graut må ha med seg niste.

Tysdag 19.12 Juletreffest på bygdahuset kl. 17.30 – 19.45. Alle velkommen.

Fredag 22.12 Siste skuledag før jul. Julegudsteneste i kyrkja kl. 08.45. Denne er open for alle som har lyst til å vere med. Etter kyrkja blir det felles julekino. Dei det er mogleg for har med litt julekaker som me set på fellesbord og kosar oss med i lag. Skulen sluttar til vanleg tid. SFO sluttar kl. 16.30.



JULETREFEST

Det blir juletreffest på Bygdahuset **tysdag 19.12 kl.17.30-19.45**. Inni kontakten står det info om oppgåvefordeling. Heile storfamilien er velkomne. Det ligg påmeldingslapp inni Kontakten. Denne må dokker fylle ut og levere tilbake til skulen seinast tysdag 12.12.

OPPGÅVEFORDELING PÅ JULETREFEST

FAU har lova at foreldra kan vera med på det praktiske arbeidet med festen. Tusen takk til alle!

Skulen kjøper inn og gjer klart alt ein treng av utstyr og mat.

Oppgåvefordeling:

Tillaging av salen, dekke bord og sette opp juletre måndag 18.12 kl.19.00:
1., 2. og 3. klasse sine føresette.

Koke kaffi og ta imot inngangspengar 19/12 kl.16.45 Klassekontaktane i 5.-6. klasse (dei skaffar event. andre om det ikkje passar)

Rydde bordene, rydde og koste salen, vaske opp og rydde kjøkken etter festen: 4.-7.klasse sine føresette. Me ønskjer at fleire vaksne er med på å gå rundt juletre og at ein ventar med rydding til etter juletregangen.

Dei som har barn både i 1.-3. klasse og 4.-7. klasse, er med på å lage til.

Inngangspengar:

Me tar 50 kr. pr. pers. i inngangspengar . Elevane går gratis. Dette skal gå til å dekkje utgifter til festen. Ein kan betale med vipps eller pengar.

For at det skal vere ro i salen skal småsøsken sitje saman med foreldre/ besteforeldre på stolar ved borda. Elevane sit på stolar og benker framme ved scenen.



SKULERUTE

Skulerutene for 2023-2024 og 2024-2025 ligg på kommunen si heimeside under grunnskule <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/grunnskule> Under Vindafjordskulen finn ein Vik skule si heimeside. Her ligg «Kontakten», referat frå SU og litt anna.

RÅDSORGAN 2023-2024

Elevrådet

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Theo Aksdal Maurangnes	4.kl.	
Gabriel Bjørnevik	5.kl.	Skrivar
Kasper Bruland	6.kl.	Medlem i SU og i Barnas kommunestyre
Sverre Steinar Bjerga	7.kl.	Leiar, medlem i SU og i Barnas kommunestyre

FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Mona Hegerland	1.kl	
Beate Bjørnevik	2.kl.	Skrivar
Håvard Tveit	3.kl.	Medlem i SU
Martyna Storonowicz	4.kl.	
Lina Fisk Eide	5.kl.	
Roger Stene Bauge	6.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Cathrine H. Tindeland	7.kl.	Leiar og medlem i SU

SU- Samarbeidsutvalet

Namn	For	Funksjon
Cathrine Hamre Tindeland	FAU skulen	Leiar
Håvard Tveit	FAU skulen	Nestleiar
Jeanette Persvangen Ødegård	Foreldreråd barnehagen	
Mona Aksdal	Foreldreråd barnehagen	
Anne brith J. Nesheim	Lærarane	
Berit R. Skartland	Andre tilsette skulen	
Håvard Lothe	Tilsette barnehagen	
Anne Wenche Vik	Tilsette barnehagen	
Sverre Steinar Bjerga	Elevrådet	
Kasper Bruland	Elevrådet	
Tormod Sandsgård	Kommunen	
Anne Marte W. Tveit	Kommunen	Skrivar

Telefonnummer og e-post til Vik oppvekstsenter

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no

Anne Marte	53 65 57 30 / 92241257	Arbeidsrom	53 65 57 33
SFO	53 65 57 35 / 90515628	Barnehagen	91 57 93 22

Kalender for Vik skule våren 2024

02.01	Skulestart etter juleferien.
22.01	Elevfri. Planleggingsdag for tilsette. Oppvekstkoneranse på Skjold Arena.
05.02	Dansehalvdag for alle elevane i 4.-6. time.
19.02-23.02	Foreldrekonferansar/ Utviklingssamtalar for alle elevar Halvårsvurderingane for elevane blir lagt ut på Visma 18.02. Ein loggar seg inn på https://skole.visma.com/vindafjord og les desse før utviklingssamtalane. Kontakt skulen om du treng hjelp til å logge inn el.l.
23.02	Karneval for alle elevane. Elevrådet er med og arrangerer.
26.02-01.03	Vinterferie
19.03	DKS - Kort fortalt – klassikere for barn og unge 1.-7. trinn Kl. 09.00 – 10.30. Vik skule til Bjoa skule . Buss kl. 08.30.
21.03	Påskelunsj kl. 10.30
25.03-01.04	Påskeferie
08.04	Vaksinering for 7. kl. HPV, Cervarix dose 2
29.04	Oppstart av tema om Ålfjorden.
01.05	Off. høgtidsdag
04.05	Kulturettermiddag på bygdahuset.
07.05	Innskriving av nye elevar. Innskrivingsfest.
09.05	Kristi Himmelfartsdag
10.05	Fridag
17.05	Nasjonaldagen
20.05	2. Pinsedag
30.05	Kulturettermiddag på bygdahuset
03.06	Fjelltur i løpet av juni 1.-4. klasse: Bjordal – Longåsdaalen - Bjordal. 5.-7. klasse: Bjordal – Vassnuten - Longåsdaalen - Bjordal.
10.06	Klassetur for 7. klasse i løpet av veke 24
19.06	Friidrettsdag. Skulen slutter kl. 10.45. SFO er ope som vanleg. Planleggingsdag for lærarane kl. 11.00- 18.30
20.06	Alle ryddar klasserom. Fellessamling med «Takk for oss» frå 7. klasse.
21.06	Siste skuledag. Natursti, grilling og og felles avslutning.

**God jul og
godt nyttår
til alle!**

